

Statens Vegvesen
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Vår referanse: 15/8522
Dykkar
referanse:
Dato: 29.01.2017

E39 Stord-OS Hordaland - Høyring av framlegg til statleg kommunedelplan m/konsekvensutgreiing for E39 Stord - Os

Vi viser til e-post sendt 23.11.2016 frå Signe Eikenes ved Statens vegvesen Region Vest med høyring av framlegg til statleg kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Stord – Os.

Spørsmål til marine ressursområde og sjømatnæringane

I samband med høyring av planprogram for E39 Stord - Os i 2015 har Fiskeridirektoratet region vest teke opp spørsmål til marine ressursområde og sjømatnæringane (fiskeri og havbruk. Bjørnefjorden og Langenuen er rike på marine naturressursar og det knyt seg vesentlige fiskeri- og havbruksinteresser til sjøområda. Fjordkryssing med etablering av brusamband vil naturleg kunne berøre fiske- og havbruksområde, og sjøområde kor det er registrert viktige marine naturressursar. Kva som vert konsekvensane for marine naturressursar og sjømatnæringane og i kva omfang, er spørsmål som må opplysast nærare gjennom konsekvensutgreiing til kvar av dei einskilde trasealternativa.

Gjennom nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald er det føreteke registreringar av verdifulle førekomstar langs kysten og Havforskningsinstituttet i Bergen er sentral i dette arbeidet. Det må likevel understrekast at sjølv om Hordaland er kartlagt, er datagrunnlaget i fleire av sjøområda framleis mangelfull. Fiskeridirektoratet har peika på Havforskningsinstituttet som rette instans for å vurdere om eksisterande datagrunnlag er tilstrekkelig for å vurdere konsekvensar for marint naturmangfald.

Rådgivende Biologer AS, rapport 2146 Virkning for naturmangfald, fiskeri og havbruk

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Statens vegvesen Region vest kartlagt marint naturmangfald og laga ei verdivurdering for naturmangfald, fiskeri og havbruk i fire delområde; 1) Røtinga, 2) Bjørnafjorden, 3) Skarvhelleholmen og 4) Bårdsundet (ref. Rådgivende Biologer AS, rapport 2146). Rapporten inneheld ei grov rangering av verknad og konsekvens av dei alternativa for vegløyning B, D, E og F.

Ifølgje Rådgivende Biologer vil verknader for marint miljø ved vegprosjekt generelt være størst i anleggsfasen og influensområde kan være relativt stort;

- Anleggstrafikk og tilhøyrande støy i områda
- Utfylling av massar i sjø med påfølgjande blakking av sjøvann med steinpartiklar og sprengstoffrestar
- Aktivering av stadeigne finsediment og risiko for spreiding av finstøv og eventuelle miljøgifter
- Skadar ved undervasssprenging
- Risiko for påverknad og skade i samband med gyting

Sentrale verknader i driftsfasen:

- Arealbeslag/tap av leveområde i sjølve tiltaksområda
- Effektar av endra straum- og vassutskiftingstilhøve
- Verknad av trafikkuhell med utslepp av stoff til det marine miljøet.

Fagtema i verdivurderinga er delt etter 3 hovudtema; 'Naturtypar', 'Artsførekomstar' og 'Fiskeri og havbruk' og det er berre i delområde 1 Røtinga, det er registrert naturtypar og artsførekomstar av stor verdi. Verknader for marint miljø vil i første rekke knyta seg til kva type brukonstruksjonar som vert valt for kryssing av sjøområda og Rådgivende Biologer har rangert dei alternative bruløysingane etter verknad, der 1 gjer minst verknad på det marine miljøet;

Kryssing av Bjørnefjorden:

- 1) Røyrbru med pongtongar og ilandføring på Røttingatangen, vest for Kobbevangen
- 2) Flytebru med bua linje og utan forankring i sjøbotn
- 3) Hengebru
- 4) Flytebru med tett linje (med forankringar i sjøbotn)
- 5) Røyrbru med pontongar og ilandføring på Flua/Kobbevangen
- 6) Røyrbru med forankringar i sjøbotn og ilandføring på Flua/Kobbevangen

Kryssing av Bårdsundet:

- 1) Bru over Bårdsundet
- 2) Røyrbru gjennom Bårdsundet
- 3) Senketunnel i Bårdsundet

I rapporten skriv Rådgivende Biologer at det knyt seg liten grad av usikkerhet til verdi vurderinga. Rangering av alternative løysingar for bruteknologi ved kryssing av Bjørnafjorden og Bårdsundet, er i første rekke på bakgrunn verdivurdering for 'Naturtypar'

og 'Artsførekomstar' i dei fire delområda. Det er ikkje registrert gyteområde for torsk innanfor influensområda, med unntak av Smivollsosen nær Bårdsundet, og ifølge Rådgivende Biologer er det lite sannsynlig at anleggsarbeid vil påverke gyteområda i regionen. Etablering av veganlegga vil være irreversible inngrep som medfører tap og endring av leveområde for flora og fauna innanfor sjølve tiltaksområda.

Multiconsult har klassifisert 'Fiske og havbruk' som av 'liten verdi' i alle delområda med unntak av område sør av Røtinga, som er klassifisert som av 'middels verdi' av omsyn til fiskeområde og etablert akvakulturverksemd (lokalitet Gulholmen). Det er etablert ein rekke matfiskanlegg i Bjørnefjorden, men berre eit av desse anlegga (lokalitet Gulholmen) ligg innanfor kva som definert som tiltaks- og influensområde. Verknader for dette anlegget er knytt til anleggsfasa m.o.t. arbeid i sjø som kan påverke drifta av oppdrettsanlegget. Verknader for utøving fiske er i første rekke knyta arealbeslag i sjølve tiltaksområda. Det vert ikkje rekna at alternative løysingar kryssing av Bjørnefjorden og Bårdsundet vil ha stor verknad for fiske i eit regionalt perspektiv.

Tilrådd traséløysing etter alternativ B – Fiskeridirektoratet region vest sin vurdering

I sitt forslag til statleg kommunedelplan for E39 Stord – Os tilrår States vegvesen utbygging langs trase etter alternativ B med bru over Bjørnefjorden langs rett akse, bru over Bårdsundet og bru over Langenuen mellom Raunholm og Nese.

Kryssing av Bjørnefjorden

For kryssing av Bjørnefjorden er det vurdert tre ulike brukonstruksjonar;

- K1/K2 multispenn hengebru med tårn på stål- eller betongflytarer,
- K7 endeforankra flytebru med seglingslei i sør,
- K8 sideforankra flytebru med seglingslei i sør.

Det er alternativ K7, multispenn hengebru som er lagt til grunn i kostnadsberekningane, men Statens vegvesen skriv i sin innstilling at dei vi arbeide vidare med å optimalisere de tre bru konsept, og avgjerd om brutale, K1/2, K7 eller K8, må takast på eit seinare tidspunkt.

Rådgivende Biologer AS peiker at verknader for det marine miljøet ved kryssing av Bjørnefjorden vil være størst i ved ilandføringsområde på Røtinga i Os og ved Skarvholmen på Reksteren i Tysnes der det er registrert større naturverdiar. Verknadene vil i stor grad avhenge av kva teknisk løysing som vert valt ved ilandføringspunkta. Det er ikkje peika på brukryssinga vil få vesentlege verknader for fiskeri- eller havbruksverksemd i regionalt perspektiv.

Fiskeridirektoratet region vest ber om at det vert sett vidare fokus på å verne om det marine miljøet ved vidare arbeid med å optimalisere konsept for bruk. Dette gjeld i særleg grad ilandføring av brua på ved Røtinga på Os-sida der det er registrert marine naturtypar og jf rapport frå Rådgivende Biologer AS. Ved endelig val av bruløysing forventar vi at det vert utarbeida plan for avbøtande tiltak for å redusere verknadene for det marine miljøet.

Kryssing av Bårdsundet

Det er utreda 3 alternative løysingar for kryssing av Bårdsundet;


- Bru over Bårdsundet
- Røyrbru gjennom Bårdsundet
- Senketunnel i Bårdsundet

Statens vegvesen går inn for 450 meter lang bru vest for dagens bruer. Rådgivende Biologer skriv at ei bru over Bårdsundet vest for eksisterande vegkryssing, vil bli over 200 meter lang og vil måtte baserast på fundamentering på land på begge sider. Eit slikt alternativ vil då ikkje medføre inngripen i sjøområde. Fiskeridirektoratet region vest vil her kommentere at illustrasjon av bru over Bårdsundet, figur 18 på s. 35 i planomtala, syner bru med fundament i sjø. Vi spør derfor om det er dette brukonseptet Rådgivende Biologer AS har vurdert? Utover dette støtter vi oss til den informasjon som kjem fram gjennom konsekvensvurderinga, og har ikkje merknader til val av løysing for kryssing av Bårdsundet.

Kryssing av Langenuen mellom Raunholm og Nese

Statens vegvesen går inn for kryssing av Langenuen med bru mellom Raunholm og Nese. Brulengda vert totalt 1910 meter lang og med eit bruspenn på 1235 meter og seglingshøgda vert 75 meter i 400 meter breidde.

Utanfor Straumsneset på Tysnessida er det innført forbodsone mot fiske av omsyn til registrert korallrev. Jf *J-48-2016 Forskrift om beskyttelse av korallrev mot ødeleggelser som følge av fiskeriaktivitet § 4*, gjeld forbod mot bruk av reiskap som slepes under fiske, samt garn, line, teiner og all anna krokreiskap.



Føremålet er å verne korallrev mot øydelegging som følge av fiskeriaktivitet, og derigjennom bidra til en forsvarlig ressursforvaltning blant anna ved å sikre reproduksjons- og oppvekstområder for mange fiskeslag.

Ei bru over Langenuen mellom Raunholm og Nese slik Statens vegvesen tilrår, vil kome i nærleiken av forbodsona der det er registrert korallrev. Korallrevet ligg i sjøområdet utanfor der det er planlagt landfeste for brua ved Nese. Vi finn ikkje at spørsmål til brukryssing over Langenuen er teke opp i rapporten frå Rådgivende Biologer AS. Spørsmål til registrert korallførekomst utanfor Straumsneset er teke opp i planomtala, og Statens vegvesen skriv at dei ikkje reknar med at brua vil få konsekvens for korallførekomststar som er registrert. Fiskeridirektoratet region vest understreker at korallførekomststar utanfor Straumsneset er av stor verdi, og vi etterlyser såleis ei konsekvensvurdering med omsyn til korallrevet.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

KOPPI

